

330.00

2004/04/69

-394

Det kgl. barne-og familiedepartement

Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
04/1082-5Arkiv
N-211.0/Dato:
11.01.05**ULLENSVANG HERAD - HØYRINGSUTTALE: NY BARNEHAGELOV**

Viser til høyringsnotat av 09.11.04, vi vil informere om følgjande vedtak i Ullensvang heradsstyre den 13.12.04:

13.12.04 HERADSSTYRET

Følgjande skriv vart utdelt i møtet:

- Samarbeidsutvalet v/Veisane barnehage av 06.12.04 – Uttale vedkomande ny barnehagelov
- Utdanningsforbundet av 03.12.04 – ny barnehagelov

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

HST-103/04 VEDTAK.**Uttale til Høyringsnotat om ny barnehagelov****§ 1 Føremålsparagrafen**

Me har ingen merknader til vidareføringa av denne paragrafen.

§ 2 Innhald i barnehagen

Me finn det naturleg at denne paragrafen vert utvida til og å femna om overordna samfunns mål i vårt syn på barn, deira rettar og deira plass i samfunnet.

Me er samde i vidareføringa av barnehagen sin rett til å tilpassa innhaldet lokalt og at formidling av kultur og verdiar skal stå sentralt.

Ullensvang herad seier seg nøgd med at den nye rammeplanen som skal utarbeidast vil koma ut på ei brei høyring.

Me vil og slutta oss til at samarbeidsutvalet sitt ansvar for å godkjenna barnehagen sin årsplan vert vidareført.

§ 3 Barns rett til medverknad

Me sluttar oss til at barn skal få vera med og planleggja og ha rett til å uttala seg om sitt syn.

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutval

Me sluttar oss til den utdjuing av oppgåver og ansvar som er gjort .

§ 6 Godkjenningssplikt (gml. Lov § 13

Me sluttar oss til utvidinga.

§ 9 Fylkesmannens ansvar

Me finn det rett at det er eit kommunalt ansvar å sjå til at barnehagar i eigen kommune vert drivne i samsvar med lova, og at Fylkesmannen har forvaltningstilsyn mot kommunen.

§ 10 Godkjenning

Me sluttar oss til vurderingane som er gjort om å ta bort dei rettleiande normene for inne- og uteareal og meiner at dei nye formuleringane vil ivareta tidlegare § 3 og 12 og såleis vera tilfredsstillande for å ivareta krav som må stillast til ein god barnehage, også når det gjeld fysiske rammer som lokale og uteområde.

§ 13 Prioritet ved opptak

Me ser det som viktig at denne paragrafen vert utvida til og å gjelda barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester.

§ 18 Leiing

Alternativ A som tek vekk krav om utdanning som førskulelærar og opnar for at det er nok med *ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing* kan svekka kvaliteten i barnehagen. Me sluttar oss difor til alternativ B som langt på veg er identisk med gjeldande krav til skuleleiing i Opplæringslova. Det vert stilt krav til pedagogisk kompetanse innan området barnehagepedagogikk, noko me seier oss heilt samde i.

Barnehagane er ofte små einingar der leiar ikkje berre er administrator, men er aktiv deltakar i dei daglege gjeremål i omgang med barna.

I praksis vil den barnehagefaglege kompetansen liggja hjå førskulelærarane, og det er denne kompetansen me ynskjer. Me er likevel samde i at det må vera mogleg å skaffa seg barnehagefagleg kompetanse som tillegg til annan pedagogisk kompetanse og såleis vera kvalifisert til oppgåva som leiar i barnehage.

Me sluttar oss til vidareføring av ordninga som gjev rom for at rektor kan vera dagleg leiar når grunnskule og barnehage er organisert som ei verksemd.

Vidare at kommunen ha høve til å gje dispensasjon frå utdanningskrav.

§ 19 Barnehagens øvrige personale

Nemninga pedagogisk leiar.


Me sluttar oss til arbeidsgruppa si vurdering av at kvar barnegruppe skal leiast av ein førskulelærar. Me ser ingen problem med nemninga pedagogisk leiar.

Alternative framlegg/ norm for bemanning:

Ei norm for pedagogisk bemanning vil vera med og tryggja kvaliteten i barnehagen. Norma bør ikkje vera for detaljert, og me vil difor støtta ei vidareføring slik skissert i framlegg B. Dette framlegget ivaretek og kravet om at bemanninga skal bestå både av førskulelærarar og anna personale. På same måte som i § 18 opnar dette framlegget for anna pedagogisk utdanning med barnehagefagleg vidareutdanning.

Med helsing
Ullensvang herad

Tone Tveito Eidnes
ass. rådmann


Linn M. Østerbø
førstesekr.

Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 74
Sakshandsamar sin e-postadr.: tone.tveito.eidnes@ullensvang.herad.no

Kopi til:
Samareidsutvalet v/Veisane barnehage 5781 LOFTHUS
seksjon barnehage v/Eva Wiberg 5781 LOFTHUS
Utdanningsforbundet i
Ullensvang